

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 06.06.2005
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 09.05.05 – 05.06.05**

Styresak 63/05 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 7

Styremøte 17.06. 2005

Bakgrunn

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 09.05.05 – 05.06.05
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen ⁽¹⁾	18.03.05	Statlege tilskot i 2004. Riksrevisjonen ber om opplysningar og kva beløp føretaksgruppa har motteke i tilskot frå staten i perioden 01.01.04 – 31.12.04.	Svar på førespurnad sendt 11.05.05.
Statens helsetilsyn	Det er ikkje motteke nokre saker frå Statens helsetilsyn i perioden.		
Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
Datatilsynet	27.05.04	Tilsyn – avslutning av sak. Datatilsynet utførte hausten 2004/våren 2005 ein kartlegging av omfang og planer for nettsentriske journalar i alle regionale helseføretak. Med nettsentrisk journal er meint når to eller fleire helseføretaks nyttar det same pasientjournalssystemet. Datatilsynet har tatt dei regionale helseføretaka sine utgreiingar til etterretning, og vil	

		bringa opplysningane med seg som einviktig premiss i sitt vidare arbeid med informasjonstryggleik ved helseføretaka i landet. Datatilsynet presiserer i brevet at dei ikkje har teke stilling til om dei forhold som er skissert i føretaka sine brev er i samsvar med gjeldande regelverk. Datatilsynet vil fortløpande vurder kva regionale helseføretak/lokale helseføretak som vil bli gjort gjenstand for verifikasjonstilsyn på staden.
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	Det er ikkje motteke nokre saker frå KOFA i perioden.	
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.	
Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Disposasjons- og klagenemnda i perioden.	

Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen ⁽¹⁾	Det er ikkje registrert nye saker i perioden.		
Statens helsetilsyn	13.04.05	Oversending av rapport frå tilsyn med Fødeavdelinga, Stord sjukehus. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik frå gjeldande regelverk. Avvik 1: Dokumentasjon i pasientjournal av vurderingar og hendingar, og informasjon frå lege til fødekvinnene i etterkant av uventa og akutte situasjonar, er knapp eller manglande. Avvik 2: Perinealrupturarar grad III og IV blir ikkje alltid sydde på operasjonsstove.	Helse Fonna er gitt frist til 10. juni 2005 med å gi skriftleg tilbakemelding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.
	18.05.05	Helsetilsynet i Rogaland har i brev av 06.05.05 motteke ein bekymringsmelding frå Arbeidstilsynet. Meldinga omhandlar situasjonen ved akuttmottaket ved Stavanger Universitetssjukehus. Arbeidstilsynet har påpeikt at dei personellmessige og fysiske forhold ved akuttmottaket er av ein slik karakter at det i periodar representerer fare for brot på forsvarlegheitsnorma. Helsetilsynet	

		ber om sjukehuset sin vurdering av situasjonen ved akuttmottaket.	
	25.05.05	Oversending av rapport frå tilsyn med gastrokirurgiske pasientar ved Haukeland Universitetssjukehus. Ved tilsynet blei det påpeikt eit avvik: Det blir ikkje utpeikt pasientansvarleg lege ved gastrokirurgisk seksjon. Førretaket er gitt ein frist til 1. august 2005 for å gi tilbakemelding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avviket.	
Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatilsynet i perioden.		
Datatilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatilsynet i perioden.		
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	26.06.04	Helse Førde. Taxi Transport AS deltok i ein anbudstevling for sjuketransport. Det er påpeikt at konkurransegrunnlaget er uklårt, og at tenesta blei utvida etter gjennomført konkurranse samanlikna med det deltakarane kunne sjå ut av dokumenta.	Saka er avvist i KOFA 12.05.05 med grunngjeving at saka er uhensiktsmessig for handsaming i nemnda.
	22.02.05	Helse Bergen. Klager: Sogn og Fjordane Taxi AS. Klager deltok i ein open anbudskonkurranse for sjuketransport. Det er påpeikt i klagen at det ikkje er gitt korrekt grunngjeving, og at det ikkje er gitt tilstrekkeleg innsyn.	Avgjerd føreligg ikkje.
	09.05.05	Helse Stavanger. Klager: MT Vest AS. Saka gjeld konkurranse med forhandling om kjøp av frikjøleprosjekt. Klagen gjeld spørsmål om sakleg grunn til avlysing av konkurranse, spørsmål om det er gjennomført reelle forhandlingar, spørsmål om ein utan har gjort ein konkurranseavgrensande samankopling av ytingar.	Avgjerd føreligg ikkje.
	19.05.05	Helse Bergen. Klager ISS Norge AS. Saka gjeld konkurranse vedrørande driftsoperatørtjenester ved haukeland Pasienthotell. Klager hevder at prisen er evaluert på eit uriktig grunnlag, at kravet til etterprøvbarhet ikkje er etterleve,	

		og at grunngjevinga for val av tilbod ikkje har vore tilstrekkeleg.	
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		